



Reknes Byggjevarer L.L  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referanser:

Dykkar: 31821478-100b-4d80-b82b-  
dbb05333c23a

Vår: 21/1147 - 22/6372

Sakshandsamar:

Roald Kvingedal

roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

13.09.2022

## Melding om delegert vedtak - tilbygg/påbygg og etablering av Biovac renseanlegg - gbnr 3/23

**Administrativt vedtak. Saknr: 064/2022**

**Tiltakshavar:** Sindre

Olsen

**Ansvarleg søker:**

Reknes byggjevarer L/L

**Søknadstype:**

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om tilbygg på fritidsbustad, gbnr 3/23.**

**Søknad med vedlegg mottatt 27.06.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan mottatt 27.06.2022.
- Det vert sendt inn søknad om utslepp frå ansvarleg rørleggjar.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngeving:** Søknaden er i tråd med kommuneplanen 2018 – 2030 og dispensasjons vedtak 002/2022, sak 21/1147.

**Heimel:** Plan- og bygningslova § 20-1 og kommuneplanen 2018 – 2030 og dispensasjons vedtak 002/2022, sak 21/1147.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
<b>SØK</b>	Reknesbyggjevarar L/L	915354424	S	1	Søkjjar
<b>PRO</b>	Reknesbyggjevarar L/L	915354424	S	1	ARKITEKTUR, TEGNINGER, SITUASJONSPLAN OG PROFILER
<b>PRO</b>	ALFRED EINAR MJELDE	970183116	S	1	BETONGARBEID
<b>PRO</b>	ENTREPRENØR ANSGAR BIRKELAND AS	939555420	S	1	GRUNN-OG TERRENGARBE
<b>PRO</b>	BYGGMESTER NILS J SOLEND AS	975333078	s	1	OPPFØRING AVSTÅLPIPE TØMRERARBE VÅTROMSARBE
<b>PRO</b>	STENDAL VVS AS	980626180	s	1	STIKKLEDNINGER VANN &AVLØP OG INNVENDIGE SANITÆRINSTALLASJON ER-SAMTMONTERING AV BIOVAC ANLEG
<b>UTF</b>	Reknesbyggjevarar L/L	915354424	S	1	ARKITEKTUR, TEGNINGER, SITUASJONSPLAN OG PROFILER
<b>UTF</b>	ALFRED EINAR MJELDE	970183116	S	1	BETONGARBEID
<b>UTF</b>	ENTREPRENØR ANSGAR BIRKELAND AS	939555420	S	1	GRUNN-OG TERRENGARBE
<b>UTF</b>	BYGGMESTER NILS J SOLEND AS	975333078	s	1	OPPFØRING AVSTÅLPIPE TØMRERARBE VÅTROMSARBE
<b>UTF</b>	STENDAL VVS AS	980626180	s	1	STIKKLEDNINGER VANN &AVLØP OG INNVENDIGE SANITÆRINSTALLASJON ER-SAMTMONTERING AV BIOVAC ANLEG
<b>KTR</b>	?	?			

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.1	Basisgebyr - bustad / fritidsbustad	1	9800,-
	Totalt gebyr å betala		

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## Saksutgreiing:

### Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 27.06.2022 søkt om tilbygg/påbygg og etablering av Biovac renseanlegg, gbnr 3/23.

### Uttale

Saka er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det føreligg ikkje merknader til søknaden.

### Fakta

Saka gjeld søknad om tilbygg/påbygg og etablering av Biovac renseanlegg, gbnr 3/23.

I gjeldande kommuneplan ligg tiltaket innafor LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen og frå plan- og bygningslova § 1-8.

Det er i sak 21/1147 søkt om dispensasjon til gjeldande tiltak.

*Administrativt vedtak. Saknr: 002/2022*

*Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen og frå byggje/deleforbodet i strandsona jf plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av tilbygg/påbygg på fritidsbustad gbnr 3/23.*

Det vert sendt inn søknad om utslepp frå ansvarleg rørleggjar.

Avstand til fylkesveg:

Der er gjeve dispensasjon til avstand frå Fv 570 frå Vestlands fylksekommune i brev av 15.11.2021, som vedlegg til søknaden.

Skredfarevurdering, det er utført ei skredfarevurdering av omsøkt område.

Skredfarevurdering er utført av Geolog AS, rapport av vurderinga ligg ved i søknaden.

## 5 Konklusjon

*Skredfaren for den ønskede tomten på G/Bnr. 3/23, Nautesund, Masfjorden Kommune er undersøkt gjennom data-søk og befaring.*

*Basert på innhenting av data fra offentlige data-baser, befaring, geologi, historiske hendelser, nåværende og prognoserte klimaforhold vurderes den aktuelle tomten til skredfareklasse S2, men med mindre enn 1 skredhendelse pr. 1000 år. Ref TEK 17, § 7.3.*

*Området kan brukes til f. eks. enebolig, tomannsbolig og fritidsbolig med maksimum 10 boenheter (ref. sikkerhetsklasse S2).*

## Vurdering

Reknes Byggevarar L/L vert godkjent som ansvarleg søker for tiltaket, og er ansvarleg for at alle oppgåver er belagt med ansvar. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

## Konklusjon

Søknad om bruksendring og løyve til tilbygg gbnr 3/23 vert godkjent som omsøkt, jf.vedtak

Med helsing

Roald Kvingedal

teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Reknes Byggjevarer L.L

Masfjordvegen  
187

5986

HOSTELAND

Sindre Olsen

Litlevika 54

5914

ISDALSTØ